



Saksframlegg

Stabilisering av Voss legekantor

Undervegs rapport til heradsstyret/ politisk nivå og administrativ saksutgreiing

Saksnr.	Utval	Møtedato
01/26	Utval for levekår	02.09.2026
01/26	Formannskapet, Plan og økonomi	03.09.2026
01/26	Heradsstyret	10.09.2026

Bakgrunn:

Voss herad har dei siste åra hatt utfordringar knytt til stabil bemanning ved Voss legekantor. Grunna vakante heimlar, permisjonar og anna fråvær har det vore naudsynt å leige inn legar frå vikarbyrå over lengre periodar. Dette har ført til manglande kontinuitet for pasientane, auka sårbarheit i drifta og vesentleg høgare kostnader for kommunen.

Heradsstyret vedtok 17. juni 2026 å be rådmannen greie ut korleis omfanget av privat næringsdrift, organiseringa av fastlegeheimlane og drifta av legetenestene i Voss herad kan innrettast for å redusere vikarkostnader og skape ei meir stabil legeteneste. Dette notat, saman med eigen politisk sak, er meint å svare ut viktige delar av bestillinga frå heradsstyret.

Det har det siste året vore gjennomført kartleggingar og samtalar med legane ved legekantoret for å få betre innsikt i årsakene til utfordringsbiletet. Gjennomgangen viser at utfordringane er samansette, men at det er nokre felles faktorar som går att:

- Voss legekantor har utfordringar med å konkurrere om arbeidskraft samanlikna med andre kommunar.
- Løns- og insentivordningane er mindre konkurransedyktige enn i fleire samanliknbare kommunar.
- Belastninga knytt til kommunale pliktoppgåver kjem i tillegg til pasientbehandling utan at dette er tydeleg definert eller kompensert.
- Mangelen på spesialistar i allmennmedisin gjer kontoret meir sårbart ved fråvær og avgrensar moglegheita til å drive rettleiing av legar under spesialisering.

Skal Voss herad lukkast med å rekruttere og halde på fastlegar over tid, er det behov for ein meir føreseieleg og attraktiv modell som kombinerer konkurransedyktig løn, fagleg utvikling og tydelege rammer for kommunale oppgåver.

Mål for endringane, i tråd med heradstyret sin bestilling/vedtak:

- sikre stabil bemanning ved Voss legekantor,
- styrkje rekrutteringa av fastlegar,

- leggje til rette for ALIS-løp og spesialisering i allmennmedisin,
- redusere behovet for innleige frå vikarbyrå,
- sikre nødvendig spesialistkompetanse ved legekantoret,
- etablere ei mest mogleg økonomisk berekraftig og føreseieleg driftsform.

Organisering av legeheimlar:

Pr i dag er det ni legeheimlar ved Voss legekantor med om lag 7 000 pasientar knytt til kantoret.

To legeheimlar er planlagt overført til Sætre legekantor frå oktober/november 2026. Etter denne overføringa vil Voss legekantor ha ansvar for om lag 5 000 pasientar.

PwC tilrår i si utgreiing at ytterlegare to heimlar vert overført til privat næringsdrift. Dersom dette vert gjennomført, vil det kommunale legekantoret stå att med om lag 3 000 pasientar i tillegg til dei kommunale legeoppgåvene.

Dette vert nærare vurdert i eiga sak til heradsstyret 10. september 2026.

Kompetanse og spesialisering:

Det er avgjerande for drifta ved legekantoret at kommunen har tilgang til legar med spesialitet i allmennmedisin.

Spesialistane bidreg til:

- høg fagleg kvalitet i pasientbehandlinga,
- fagleg støtte og robuste fagmiljø,
- redusert sårbarheit ved fråvær,
- rettleiing av ALIS-legar,
- rekruttering og kompetansebygging over tid.

Voss legekantor bør samtidig vere ein attraktiv arbeidsplass for legar i spesialisering (ALIS). Eit godt utdanningsløp vil kunne bidra til at fleire vel å etablere seg som fastlegar i kommunen etter fullført spesialisering.

Endring av løns-og insentivmodell:

For å styrkje rekruttering og stabilitet vert det foreslått å innføre ei lønsordning basert på fast løn kombinert med bonus knytt til HELFO-inntekter.

Modellen er utvikla i samarbeid med tillitsvalde ved legekantoret.

Spesialist i allmennmedisin

Fast løn: kr 1 500 000 Bonus: 30 % av eigen generert HELFO-inntekt.

Døme: HELFO-inntekt: kr 1 000 000

- Bonus: kr 300 000

Samla årsløn:

- kr 1 800 000

ALIS 0 - 2 år

Fast løn: kr 1 200 000

Bonus: 20 % av eigen generert HELFO-inntekt.

Døme:

- HELFO-inntekt: kr 900 000
- Bonus: kr 180 000

Samla årsløn:

- kr 1 380 000

ALIS 2 - 4 år

Fast løn: kr 1 250 000

Bonus: 20 % av eigen generert HELFO-inntekt.

Døme:

- HELFO-inntekt: kr 900 000
- Bonus: kr 180 000

Samla årsløn:

- kr 1 430 000

Kostnadsberekning:

Det er lagt til grunn følgjande bemanning:

- 1 spesialist i allmennmedisin
- 3 ALIS-legar (0-2 år)
- 2 ALIS-legar (2-4 år)

Inkludert arbeidsgjevaravgift, pensjon og andre sosiale kostnader estimert til 30 %:

Stilling	Kostnad pr. lege
Spesialist	kr 2 340 000
ALIS 0 - 2 år	kr 1 794 000
ALIS 2 - 4 år	kr 1 859 000

Samla årleg kostnad:

- 1 spesialist: kr 2 340 000
- 3 ALIS 0-2 år: kr 5 382 000
- 2 ALIS 2-4 år: kr 3 718 000

Totale kostnader: kr 11 440 000

Økonomiske vurderingar:

Førebelse tal viser:

2025

- Kostnader til innleigde legevikarar: om lag kr 14,6 mill.
- Kostnader til egne tilsette legar: om lag kr 5,5 mill.
- Samla kostnader: om lag kr 20,1 mill.
- HELFO-inntekter: om lag kr 9,3 mill.

Netto kostnad:

- om lag kr 10,8 mill.

Under den føreslegne modellen er dei estimerte kostnadene høgare per fast tilsett lege enn dagens kommunale lønsnivå. Samstundes må dette sjåast opp mot at:

- behovet for innleige vert redusert,
- kostnadsnivået vert meir føreseieleg,
- kontinuiteten for pasientane vert betre,
- kommunen byggjer eit stabilt fagmiljø,
- risiko for vakante heimlar vert redusert.

Ein innleigd lege kostar i dag om lag kr 3,3 mill. per år når alle kostnader vert rekna med. Fast tilsette legar gir vesentleg betre føresetnader for kontinuitet, fagutvikling og langsiktig drift.

Det er vidare lagt inn konservative estimat for HELFO-inntekter. Erfaring frå andre kommunar kan tyde på at inntektene kan verte høgare dersom ein klarer å etablere stabile pasientlister og redusere utskifting av legar.

Resultat etter utlysing på nye vilkår, før søknadsfrist er ute og utan vurdering av kvalifikasjonar:

- Ein søkjar på stillinga som spesialist
- Tre søkjarar på stilling som fastlege i rotasjon. (4 vekers arbeidsbolkar).

Kommunale pliktoppgåver:

For å lukkast med modellen må kommunale pliktoppgåver fordelast og presiserast tydeleg.

Dette omfattar mellom anna:

- legevakt,
- sjukeheimsmedisin,
- helsestasjon og skulehelseteneste,
- smittevern,
- kommuneoverlegefunksjonar,
- offentleg legearbeid etter lov og forskrift.

Ei tydeleg avklaring av omfanget av slike oppgåver vil bidra til betre ressursstyring og meir føreseieleg arbeidssituasjon for legane.

Vurdering:

Rådmannen meiner at Voss herad må gjennomføre tiltak for å sikre ein stabil og berekraftig legeteneste. Erfaringane frå dei siste åra viser at omfattande bruk av vikarbyrå ikkje er ei langsiktig løysing, verken økonomisk eller fagleg.

Den føreslegne løns- og insentivmodellen vil styrkje kommunen si evne til å rekruttere og halde på fastlegar, samstundes som modellen legg til rette for spesialisering og kompetansebygging. Særleg viktig er etablering av eit robust fagmiljø med tilstrekkeleg spesialistkompetanse til å ivareta rettleiing av ALIS-legar.

Trass i auka lønskostnader vil modellen kunne gi betre tenestekvalitet, større kontinuitet for innbyggjarane og redusert behov for kostbar innleige.

Rådmannen sin konklusjon per 20.8.26:

1. Voss herad innfører lønsmodell med fastløn og aktivitetsbasert bonus for legar ved Voss legekantor.
2. Bonus vert sett til 30 % av generert HELFO-inntekt for spesialistar i allmennmedisin og 20 % for ALIS-legar.
3. Kommunale legeoppgåver skal gjennomgåast og fordelast tydeleg mellom legestillingane.
4. Rådmannen kjem attende med ytterlegare kvalitetssikra økonomiske berekningar knytt til HELFO-inntekter og lønskostnader i samband med budsjetthandsaminga

